

# ÅRSBERETNING

## FYLKESTINGSGRUPPA 2024



Biletet er frå desembermøtet i Fylkestinget – Daniel var oppteken med utdeling av Nobel-pris og slikt... og Araz var med oss i staden 😊

### Fylkestingsgruppa er:

Faste representantar: Monika Kvilhaugsvik (Karmøy) og Kari Vestbø (Stavanger).  
Faste møtande vara: Daniel A. Gudbrandsen (Stavanger) og Josef Nabavi (Klepp).  
Vidare varapersonar: Alice Botnen Bjørkli (Haugesund), Reidar Sand (Suldal) og Araz Hanan (Sandnes)

Monika er i Fylkesutvalet, Kari er i Samferdsleutvalet og Reidar er i Kontrollutvalet.

**Andre verv:** KS (Kommunenes sentralforbund) fylkesmøte, Styret Kunstskolen i Stavanger, Regional planstrategi (råd for utviklingsplan i Rogaland), Råd får Regionalplan Dalane, Råd for Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, Styringsgruppa for Tunell-sikkerheit og Temagruppe Marine Ressursar i Nordsjøkommisjonen. I tillegg må nemnast: vara til styret for Tannhelse Rogaland/andre varaplassar.

### Om arbeidet i fylkestingsgruppa

Fylkestingsgruppa nyttar alle høve vi ser for å skape merksemd for god SV-politikk.

Vi står framleis i ein stadig kamp mot nedbygging av jordbruksjord og natur, unødvendige store vegprosjekt og næringslivets «behov» for dispensasjonar frå arealplanar.

Vi forstår sjølvsagt det store presset kommunane har for tilrettelegging for det dei til ei kvar tid tenkjer kan vere arbeidsplassar i deira kommune.

Vi har eit Høgre/FrP/KrF /V samarbeid som utgjer fleirtalet i Rogaland. Der er det er stor velvilje for tilpassing til næringslivet sine «behov» blant politikarane i fylket og kommunane våre. Argumentasjonen NHO og næringslivet legg til grunn for utviklinga i Rogaland får veldig stor tyngd i politikkkutviklinga hjå den blå-blåe leiinga vi har no....

Vi i SV presser på for å gjera vegane våre sikrare, og vi har nytta dei høva vi ser til å snakke om rasfare og manglande sikkerheit og kvalitet på vegane i Ryfylke og distrikta våre.

Vi støttar alle gode forslag som gjer kollektivtrafikken meir tilgjengeleg, både på sjø og land, både i sentrale strøk og i distrikta våre. På våren kjempa vi mykje mot H-styret si reversering av gratis ferjer, og vant ! saman med dei andre partia i mindretalet.

Vi arbeider for eit betre jernbanetilbod og har tatt ordet for at vi ikkje ynskjer at fylkeskommunen melder seg ut av samarbeidsfora som Norsk bane og Jernbaneforum sør-vest.

Vi fremmer jamleg forslag til nærskuleopptak i dei vidaregåande skulane våre, og stemmer mot kutt i spesialopplæringa.

Vi har jobba, og jobbar framleis, mot alle typar plastforureining av kysten vår.

Vi har argumentert og stemt mot å bli medlem av Norske Kjernekraftkommuner.

Elles får FU/gruppeleiarane mange gode anledningar til å verte kjende med fylket vårt gjennom befaringar. Dette er ei særskjedd side av å vere fylkespolitikar.

I tillegg kjem det ei uendeleg mengd tilbod om å delta på konferansar, både om landbruk, kultur og fritid, nærliv og mykje anna. Det kan sjå ut til at særleg næringslivet i Rogaland har godt med pengar til slikt. Vi deltek på ein del av dette; vi tenker at SV også må vise oss der, og lære om det som skjer på alle område.

### **Vi samarbeidde med AP, R og INP om eit alternativt budsjett for 2024:**

Dette vart eit godt samarbeid, der vi opplevde at partia var rause med kvarandre.

*Vi (SV, R og INP) fekk inn eitt unntak for å kunne fortsetje i samarbeidet:*

*At vi ikkje ville sei ja til ny, stor skule i Stavanger på det saksgrunnlaget vi har så langt.*

*Vi var med på å setje av pengane, fordi vi tenkjer at det uansett vert veldig dyrt å oppruste eit alternativ til nybygging; vi treng mykje pengar same kva den endelege løysinga blir.*

Elles er vi mest nøgde med at AP, R og INP var einige i å:

- Gjeninnføra skulefrukost
- Reversere det aller meste av alle innsparingane fylkesdirektøren foreslo for skule, slik at vi beheld studietilbodet slik det er no.
- Auka støtte til ROS senteret (for eteforstyrningar)
- 30-dagars billett på til 600 kroner
- 5% kutt i politikarlønene
- Oppretthalda båten frå Ølen og nordover
- Sykkelhotell ved strategiske kollektivpunkt.

### **Interpellasjonar og spørsmål i 2024:**

Interpellasjonar fylkestinget: Setebelter i alle busser

ICAN cities appeal

Spørsmål til fylkesordførar: Dumping av massar i sjø

Ulik tilgang på tannregulering for barn og unge i Rogaland

Spørsmål fylkesutvalet:

Gjeninnføring av gratis fergetilbud (AP, SP, INP, SV)

Åpenhet er helt nødvendig for godt demokrati -om møteportal

Spørsmål Samferdselsutv.:

Trygghet på F4702 i samband med bygging av tunnel, Rødsliane

Pausing av månedskort

**Kampanje:** I samband med interpellasjonen om ICAN cities appeal på fylkestinget 30. april tok vi kontakt med lokallaga våre, og fleire av dei tok opp tilsvarande i sine kommunar. [Et Rogaland mot atomvåpen](#) i Stavanger Aftenblad: SV-gruppeledere i kommuner i Rogaland!

Sauda og Suldal og Stavanger kom med! Frå før var 7 kommunar med på kampanjen, og då er det 10 kommunar i Rogaland som har signert!

REIDAR SAND fekk også prisen Årets radioaktivist hjå ICAN Norge 😊

Årets Radioaktivist er en pris som deles ut av Den Internasjonale Kampanjen for avskaffelse av atomvåpen (ICAN) i Norge til en aktør som har vist spesielt stort engasjement for en verden fri for atomvåpen og en norsk tilslutning til FNs atomvåpenforbud.

[Reidar Sand er Årets Radioaktivist 2024 - ICAN Norge](#)

**Lesarinnlegg og andre medieoppslag: Sjå i slutten av rapporten**

### ***No går vi vidare med friskt mot og god politikk i ryggsekken.***

Vi skal fortsetja å kjempe for matjord og beiteland, natur og arts mangfald, gode skular og transporttilbod for alle i Rogaland. OG - ikkje minst - vi skal fortsetje å vere vaktbikkjer for klimaet!

Vi vil takke for godt samarbeid med lokallaga, og ønsker eit enno tettare samarbeid med alle dei gode SV-arane me har rundt i kommunane. Det er veldig nyttig for oss når vi kan få innspel frå dykk. Hugs at de også kan sende over saker som de vil at vi skal løfte opp i fylkespolitikken.

Millionar takk til vår gode fylkessekretær, Olav A. O. Rawcliffe. Han er heilt uunnverleg!

Gruppeleiar vil også nytte høvet til å skryte av dei andre medlemmane av fylkestingsgruppa!

Av oss 7 som utgjer laget, var det berre Reidar og eg som hadde vore med tidlegare. No har vi vore gjennom det første året i perioden, og vi vorte litt betre kjende med kvarandre, og kva interesser og erfaringar dei ulike har. Vi har etter kvart kome inn i ei møterutine som ser ut til å kunne fungere, og vi kommuniserer ganske tett på e-post og Messenger.

No skal vi stå på vidare og fremje god SV-politikk i lag,

*Monika Kuilhaugsvik, gruppeleiar*

#### **Publiserte lesarinnlegg:**

(I tillegg vil det alltid vere innsende innlegg som ikkje vert publiserte)

- [Tre bitar av rogalandsnaturen som enno kan reddast](#)
- [Kvifor vil ikkje Høgre ha klimakunnskap?](#)
- [Fortsatt ikke for sent å snu i ferjesaken](#)
- [Debatt, Meninger | Strandsonerøynet i Karmøy må styrkes](#)
- 

#### **Andre medieoppslag – der SV er nemnde i teksten**

- [Aftenbladets nyhetsstudio - Digitalt møtesystem stenger publikum ute](#)
- [Politikk, Fylkestinget | Disse politikerne vil kutte i lønna til seg selv](#)
- [Rogaland gjeninnfører ordningen med gratis ferje](#)

- [Plastklips fra sprenging funnet 140 kilometer unna undersjøisk tunnel. Vegvesenet rydder kysten – NRK Rogaland – Lokale nyheter, TV og radio](#)
- [Risikerer nedtur for gigantisk bussanbud](#)
- [Aftenbladets nyhetsstudio - SV bekymret for dumping av masser i sjøen](#)
- [M44, Bryne | Stabssjefen i Time kommenterte saksgangen i kommunen då fylkesutvalet støtta M44-utviding](#)
- [Aftenbladets nyhetsstudio - Ville endre opptaksreglene til videregående skoler](#)
- [Rogaland Fylkeskommune, Rogaland | Rødt og SV i Rogaland krever gransking: – Lokalbefolkningen i Røldal og Suldal har blitt fratrukket store naturverdier](#)
- [Aftenbladets nyhetsstudio - Kritiserte kutt til de svakeste elevene](#)

**Vi har delteke i debattar/hatt innlegg i møter/konferansar arrangert av «andre»:**

- Grendeutvalet på Fogn inviterte til debatt om gratis ferger på folkemøte på Fogn 20. mars.
- Naturvernforbundet og Turistforeningen inviterte til debatt under Vassdragstreffet.
- Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) og Norske Lakseelver:  
Seminar og debatt på Lysefjordsenteret, samt synfaring til det lukka oppdrettsanlegget FishGLOBE 04.09., der Ingrid Fiskaa var med i debatt.
- Vestlandskonferansen 24 – Fellesforbundet sin årlege konferanse i Haugesund
- Årsmøte i LO i Dalane – Her stilte gode Halvor Tengs som vikar for Monika på kort varsel!

**Vi har mellom anna også vore til stades ved:**

- Trondheimskonferansen januar 24.
- Mobilitetskonferansen Stavanger
- Rogaland Landbrukspark: Møte om forslag til nytt gjødselregelverk – landbruket

**Vedlegg:**

- **SV, med AP, R og INP, sitt alternative budsjett**
- **Oversikt over forslag framsette i fylkestinget i 2024**